
Fra: Eirik Utne
Sendt: 5. oktober 2015 15:19
Til: Marius Flemmen Knudsen
Kopi: Bente Bing Kleiva
Emne: SV: Søknad om bygging av skogsbilveg på Ådland i Meland kommune, revidert kart over planlagt vegtrase.

Hei.

Tenesteområde kultur har nokre generelle kommentarar til det aktuelle tiltaket. Den planlagde vegen går nord for den gamle torvvegen mot Havrevågen, ein veg som er svært viktig for friluftslivet i området. Vi går ut frå at tiltaket og byggjearbeidet ikkje kjem i konflikt med denne vegen og høva friluftsfolket har for gode uforstyrra kulturhistoriske naturopplevingar på denne. Det er ikkje kjente nyare tids kulturminne i området, og det kom ikkje fram nye under synfaringa. Vi går ut frå at utbyggar tek omsyn til eventuelle kulturminne som kan dukke opp under arbeidet, som til dømes steingardar og utløer og omgåande gir beskjed om dette. Dette gjeld òg ved uttaking av skog. Skogen på den freda gravrøysa må fellast manuelt på ein måte som tek omsyn til kulturminnet.

Med venleg helsing

Eirik Bouwer Utne
Kulturkonsulent
Tlf: 56 17 10 59 / 10 00 Mob: 934 13 089
E-post: eirik.utne@meland.kommune.no



[Sjå brosjyren vår](#)

Fra: Marius Flemmen Knudsen
Sendt: 16. september 2015 15:16
Til: Eirik Utne
Emne: Søknad om bygging av skogsbilveg på Ådland i Meland kommune, revidert kart over planlagt vegtrase.

Se vedlagte saksdokumenter.